

Det har vore fleire dyktige og ruvande dirigentar også i 75-årsjubilanten Uskedal Musikklag men det er særleg grunn til å trekkja fram Sigurd Wang og Bård Ljosnes. Det seier dei som har følgd musikklaget på pulsen opp gjennom åra.



Sigurd Wang gjorde ein kjempeinnsats

I 1946 var musikklaget i ein bølgedal, slik det har vore fleire gonger. Korpset var berre på 7 mann og repertoaret avgrensa seg til fedrelandssongane.

Sigurd Wang hadde vore med frå starten i 1936. Han hadde den musikalske leiinga og prøvde å få tak i ein ny dirigent. Han fekk Andreas Haugland til å ta på seg oppgåva, men det var berre mellombels. Haugland hadde nok å stå i med for han leia songkor både i Uskedalen og på Sunde og han var organist i kyrkja her i bygda i 40 år.



Bård Ljosnes var ein naturleg etterfølgjar

Det vart til at Sigurd sjølv tok på seg dirigentoppgåva og den jobben skulle komma til å strekkje seg heilt fram til 1977. Han vart med på kurs for dirigentar i Gvarv og Klepp. Sigurd var også formann i laget i 22 år.

Han sette som ein forstår eit sterkt preg på mannskapet og gjorde ein beundringsverdig innsats. Mannskapet vaks frå ein handfull musikantar til 49 i sesongen 1975/76 og gjekk over frå brassband til janisjar.

I tillegg hadde Sigurd anvaret for gutemusikken i dei 10 åra korpset var i drift og dirigerte skulemusikken i 14 år. Detvar fullt fortent då han i 1975 fekk heidersteiknet til forbundet.

Bård Ljosnes overtok dirigentstokken og peikte seg naturleg ut til oppgåva etter si lange teneste. På same tid var han musikalsk leiar for trekkspelklubben og dirigerte skulemusikken ifleire år. Men aller helst ville han spela sjølv og gjekk attende til det..

Av Ola Matti Mathisen